

**SPAR open frå kl.6 om morgonen.**

**22.03.2017**



# OPE

FØR  
HANEN  
GJEL!

OPE FRA 06:00

**SPAR** 

USKEDALEN

Fra og med  
mandag 27.11  
6-22 (mand-fred)  
198-20 (torsdag)

Frå komande mandag opnar Spar kl.6 kvar vekedag.

**Frå mandag 27.mars kan vi gå og handla på Spar Uskedalen før vi reiser på jobb. Då vert det nye opningstider i den gode daglegvarebutikken vår, og på vekedagane vil det vera ope frå kl.6 om morgonen til kl.22 om kvelden. På laurdagane vert opningstida som no, frå kl.8 til kl.20.**

Opningstidene i den populære butikken har vorte utvida med jamne mellomrom dei seinare åra i takt med at tidene og behovet har endra seg. Vi spør derfor dagleg leiar Bente Nilsen om bakgrunnen for denne siste auken i opningstid.

- Vi har fått innspel frå kundane om at kl.8 er for seint. Mange har ærend før jobb, medan andre kan tenkja seg å handla på veg heim frå nattevakt, seier Bente og legg til at det er mange både arbeidsfolk og skuleungdommar som passerer Uskedalen om morgonen. No vert det også mogeleg å ta ein stopp på Spar, enten dei no vil kjøpe nistemat eller ta ein full handlerunde.

- Vi ønskjer alltid å ta kundane sin ønskje på alvor, og då vert dette resultatet.

I tillegg til å vera ein særdeles god matvarebutikk har også butikken ein del andre viktige tilbod som post, bank i butikk, apotekvareutlevering og tipping. For kundane vert det ein flott tilbod når dei kan nytta seg av dette 16 timar kvar vekedag og 12 timar laurdag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Spar